



Tilvenning i Haus barnehage, Osterøy kommune



Når barnet byrjar i barnehagen, overgangar i barnehagen, overgangen mellom barnehage og skule

Innhold

Om barnehagen	2
Når barnet byrjar i barnehagen	3
1. Informasjon:.....	4
2. Primærkontaktar	4
3. Besøksdagar.....	4
4. Tilvenning.....	4
5. Autoritative vaksne.....	5
6. Tryggleiksirkelen.....	5
6. Evaluering og vurdering	6
Overgangar i barnehagen	6
1.Informasjon.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2. Besøksdagar.....	8
3. Vaksenrolla	8
4. Overgangssamtalar	8
5. Evaluering.....	8
Overgangen mellom barnehage og skule	9
1.Informasjon.....	10
2. Førskuleavdeling	10
3. Samarbeid med skulen/besøksdagar	10
4.Førebuing.....	10
5.Evaluering.....	10



Om barnehagen

Haus barnehage er ein fire avdelings barnehage som ligg i Haus sentrum like ved Mjeldavatnet. Uteområdet til barnehagen er stort og består av både standardiserte leikeapparater og naturtomt med ujamnt terreng. Vi har og nokre faste leirstadar i nærmiljøet som me oppheldt oss, men aller mest er me i lavvoen vår på Åsheim. Me har vår eigen robåt. Ulike årstider er med på å påverke kva aktivitetar barna heldt på med og kva moglegheiter uteområda og nærmiljøet vårt kan by på.

Vi vil at alle skal oppleve glede ved å vera ute, og ved å ferdast i naturen. Naturen er ein unik læringsarena og ein god arena for utvikling av sosial kompetanse.

Barnehagen sine fire avdelingar er:

Avdeling Marihøna: 1-2 års avdeling

Avdeling Tusenbein: 3-4 års avdeling

Avdeling Maurtua: 3-5 års avdeling

Avdeling Sommarfugl: Førskuleavdeling

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.



1. Informasjon

Alle nye foreldre får ei innkalling til eit foreldremøte i løpet av mai –juni. Dei vil få tildelt eit velkomstskriv med informasjon om barnehagen og eit skriv om tilvenning i barnehagen. Elles nyttar vi Vigilo som informasjonskanal.

2. Primærkontaktar

Dei nye borna i barnehagen har ein primærkontakt. Primærkontakten har ansvar for å hjelpe kvart einskild barn med å finne seg til rette i barnehagen. Dei har ansvar for å knyte nære band mellom barnehagen og barnet/foreldra. Tryggleik i barnehagen må ligge i botn for at barnet tør å sleppe seg laus i leik og læring i barnehagen.

3. Besøksdagar

Før barnet byrjar i barnehagen vert de invitert til besøksdagar i barnehagen. Desse kan vera både ute og inne. Pedagogisk leiar på avdelinga tar kontakt med dykk, slik at dette lar seg gjennomføre. Foreldra er med heile tida på desse dagane.

4. Tilvenning

Me anbefaler god tid til tilvenning av barnet. Vi forventar at foreldra brukar god tid saman med barnet, 5 dagar. Det er veldig individuelt kor lang tid kvart einskild barn treng. Fint om de brukar uteleikeplassen vår og kjem på besøksdagane på våren.

1. dag skal mor og/eller far vere i lag med barnet i barnehagen heile tida. Det blir satt opp fast tid – berre nokre timar for kvart einskild barn, dette ser vi an saman med den som er primærkontakt for barnet.

2. dag kjem mor og/eller far saman med barnet og kan etter kvart forlate det i barnehagen ei stund, kor lenge avtaler ein med primærkontakten.

3. dag er mor og/eller far litt med i starten av dagen, barnet kan deretter vere åleine ei stund. Viktig at foreldra aldri er langt unna om det er noko.

4.og 5. dag Her avtalar ein med primærkontakten korleis barnehagedagen blir (soving, mat etc).

Har foreldra moglegheit til at barnet ikkje har så lange dagar i byrjinga, så er det ynskjeleg.

HUGS: De foreldre skal alltid sei «hadet» når dei går i frå barnet, avlei aldri eit barn fordi om det kjennes betre for foreldra/oss at barnet ikkje gret når foreldra går frå det. Dei fleste barn vil gråte når dei finn ut at foreldra har gått. Vi vaksne i barnehagen skal vere med å setje ord på kva barnet føler når mor og far går.

Mange av barna har ikkje så godt ordforråd, og då skal vi i barnehagen vere med og hjelpe dei med å setje ord på det som skjer.


5. Autoritative vaksne

Den autoritative vaksenstilen skal utgjere ein viktig del av Haus barnehage sin pedagogiske plattform og verdi grunnlag. Den går i prinsippet ut på at dei vaksne i barnehagen utøver sitt yrke i ein dynamisk kombinasjon av å byggje opp ein varm og god relasjon til barnet og har ein tydeleg vaksenstil når det gjeld å setje grenser og krav til barna. Forsking som omhandlar denne vaksenstilen viser at den fremjar positiv åtferd og hemmar negativ åtferd hjå barn. *Være sammen* har utvikla eit opplegg for å implementere den autoritative vaksenstilen i norske barnehagar. Barnehagane i Osterøy kommune har hatt eit utviklingsarbeid som omhandlar dette.

6. Tryggleiksirkelen

Tilknytning er ein livs-nødvendig prosess som resulterer i eit band mellom barnet og omsorgspersonen. Tilknytning er nødvendig for å sikre eigen tryggleik og overleving. Dei fleste barn har utvikla ei trygg tilknytning til ein eller to omsorgspersonar når dei startar i barnehagen som låring. Den vaksne fungerer som ein trygg base for barnet. Barnet kan gå i frå den vaksne for å utforska verden, og samstundes vera trygg på at den vaksne er der for å passa på. Barnet søker tilbake til oss for å få påfyll av tryggleik, kjærleik, trøyst og oppmuntring (tryggleikssirkelen illustrerer det). Til dømes: barnet vil at vi skal vere til stades med det, - mest mogleg. Skal du gå- sei at du går og namngje/ vis barnet kven det kan kontakte/vende seg til ved behov.

Ver til stades på golvet, både fysisk og mentalt.



6. Evaluering og vurdering

Barnehagen evaluerer og vurderer jamleg det pedagogiske arbeidet vårt. Vi har hatt samtaler om korleis vi vil at tilvenninga skal gå føre seg til beste for barna. Foreldreundersøking ligg også til grunn for arbeidet med dette.

Overgangar i barnehagen

Det skjer overgangar i barnehagen òg. Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe (rammeplanen).



1. Informasjon

Vi har to foreldremøte og tilbud om to foreldresamtalar, haust og vår. Elles nyttar vi Vigilo som informasjonskanal.

2. Besøksdagar

I mai og juni har dei borna som skal byte avdeling etter sumarferien besøksdagar på den nye avdelinga to dagar i veka. Dei har med seg vaksne som dei er trygge på frå sin avdeling. Dette gjer at dei vert kjent med miljøet på den nye avdelinga og dei nye borna og vaksne der.

3. Vaksenrolla

Den autoritative vaksenstilen skal utgjere ein viktig del av Haus barnehage sin pedagogiske plattform og verdi grunnlag. Den går i prinsippet ut på at dei vaksne i barnehagen utøver sitt yrke i ein dynamisk kombinasjon av å byggje opp ein varm og god relasjon til barnet og har ein tydeleg vaksenstil når det gjeld å setje grenser og krav til barna. Forsking som omhandlar denne vaksenstilen viser at den fremjar positiv åtferd og hemmar negativ åtferd hjå barn. *Være sammen* har utvikla eit opplegg for å implementere den autoritative vaksenstilen i norske barnehagar. Barnehagane i Osterøy kommune har hatt eit utviklingsarbeid som omhandlar dette.

4. Overgangssamtalar

Dersom føresette har behov for det kan de be om ein samtale med den nye pedagogen på dykkar avdeling.

5. Evaluering

Barnehagen evaluerer og vurderer jamleg det pedagogiske arbeidet vårt. Vi har hatt samtaler om korleis vi vil at tilvenninga skal gå føre seg til beste for barna. Foreldreundersøking ligg også til grunn for arbeidet med dette.

Overgangen mellom barnehage og skule

Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga(rammeplanen).



1. Informasjon

Det er to foreldremøte kvart barnehageår, eit om hausten og eit om våren. Om hausten snakkar vi mellom anna om dei ulike satsingsområda og om korleis kvardagen vår er. Det er eit foreldremøte på skulen for dei nye førsteklasingane i mai-juni.

2. Førskuleavdeling

Barnehageåret 2017-18 starta vi med ein eigen førskuleavdeling i Haus barnehage. Dette for styrka vårt tilbod til dei eldste barna. Gjennom leik og utforsking i tilrettelagte omgjevnader i høve til alder, skal avdelinga sørgje for å skape positive forventingar til skulestart og sikre at barn og foreldre er trygge i overgang mellom barnehage og skule. Førskulegruppa har ein lavvo på Åsheim som dei nyttar fleire gongar for veka. Me har og fleire turar til bassenget på Hatland der me øver på tilvenning i vatn.

3. Samarbeid med skulen/besøksdagar

Osterøy kommune har utarbeida ein plan for overgang barnehage-skule som barnehagen er forplikta til å følgje.

Vi har i hovudsak barn som skal byrja på Haus skule og har eit godt samarbeid med denne skulen.

Saman lagar vi ei oversikt for tilvenningsperiode på våren, vi har mellom anna turdagar, omvising på skulen og fadderbesøk.

Foreldra får denne oversikta om våren.

4. Førebuing

Det at vi har ein eigen førskuleavdeling gjer at barnegruppa vert godt kjent med kvarandre før skulestart. I førskulegruppa ynskjer vi at barna skal utvikle et godt sjølvbilette som kan gje størst mogleg tryggleik i overgangen til skule. Vi har barnesamtalar på våren, der vi mellom anna snakkar om kva forventninga barnet har til å byrja på skulen.

Barnehagen arbeider kontinuerleg med å støtte og fremje kvart enkelt barns og barnegruppa sine sosiale dugleikar. Deira felles opplevingar gjennom barnehageåret gjer at dei vert godt kjent med kvarandre. Ungane snakkar om ting dei har opplevd saman og ting som skal skje i løpet av barnehageåret.

5. Evaluering

Barnehagen evaluerer og vurderer jamleg det pedagogiske arbeidet vårt. Vi har hatt samtalar om korleis vi vil at tilvenninga skal gå føre seg til beste for barna. Foreldreundersøking ligg også til grunn for arbeid med dette.

